

Plan for diakoni – kyrkja i Finnøy



Foto:
Hjørdis
Halleland
Mikalse

Plan for diakoni – kyrkja i Finnøy

Plan for diakoni – kyrkja i Finnøy

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste.

Diakoni er evangeliet i handling, og har som mål at vi som kyrkjelyd og enkeltmenneske blir utrusta og sett i stand til å vise nestekjærleik, vere inkluderande, verne om skaparverket og kjempe for rettferd.

Undervisning og forkynning om diakoni er innarbeidd i alle samanhengar i kyrkjelyden, slik at vi blir utrusta til å sjå med diakonalt blick og gjere noko med det vi ser.

Diakoniplanen i kyrkja i Finnøy er bygd på Den norske kyrkje sin overordna plan for diakoni. Diakonal omsorg byggjer på gjensidige relasjonar, likeverd og respekt. Vi brukar arbeidsmetoden sjå-vurdere-handle.

Nestekjærleik:

Kyrkjelyden har eit omsorgsarbeid retta mot utfordringar i vårt lokalmiljø. Kyrkjelyden inspirerer til eit liv i nestekjærleik.

Tiltak	Tid og målgruppe	Ansvar
<u>Besøkseneste</u> I alle tre sokna. Dei som fyller 80, 85, 90, 95 og 100 år får tilbod om besøk av to personar frå kyrkjelyden, har med ei gåve og kort.	I løpet av året, i etterkant av jubileet. <u>Målgruppe:</u> eldre medlemmer i Dnk.	Stab og ressursgruppe av frivillige. Hesby ressursgruppe 10 stk. Talgje ressursgruppe 4 stk. Sjernarøy ressursgruppe 5 stk. Stab kallar inn til møte i januar og fordeler besøka mellom seg. Stab kjøper gåver/kort og har ansvar for lister med jubilarar og kontaktinformasjon.
<u>Andakt og song</u> på Finnøy helse- og omsorgssenter	Søndag ettermiddag i løpet av året. <u>Målgruppe:</u> eldre og sjuke frå heile kommunedelen	Leiar i frivillighetssentralen og ressursgruppe av frivillige, ca.12 stk. Frivillighetssentralen kallar inn til møte og fordeler søndagane. Diakon frå staben i kyrkja er medspelar Liste med datoar og ansvarsperson blir sendt til omsorgssenteret.

Plan for diakoni – kyrkja i Finnøy

<u>Andakt/opplesing og song</u> på Finnøy helse- og omsorgssenter. Sosialt etter andakten.	Annakvar onsdag på ein avdeling, 11.15-12.00. Ein torsdag i månaden på to avdelingar. Prestane sender liste til pleie-og omsorg med datoar. <u>Målgruppe</u> : eldre og sjuke frå heile kommunedelen	Prestane, diakon og organist.
<u>Sjelesorg/samtale- tilbod</u>	I heile kyrkjelyden, ved behov, td. ved sjukdom, komplisert sorg og dødsfall. <u>Målgruppe</u> : sørgjande, pårørande og andre med behov for samtale	Prestane, diakon og frivillig medarbeidar.
<u>Sorggrupper</u> i Stavanger.	Sorggruppene blir starta når det er nok deltakarar som har meldt seg på. <u>Målgruppe</u> : sørgjande	Blir organisert av ei gruppe diakonar i Stavanger.To gruppeleiarar pr.gruppe. Gruppeleiar har deltatt på sorggruppekurs og vore ko-veileder gjennom eit kurs, 8 kveldar. Samarbeid med andre menigheter i Stavanger. Sorggrupper for barn, samarbeid mellom helsesjukepleiar i kommunen og Dnk.
<u>Rituale ved livets slutt</u>	<u>Målgruppe</u> : eldre, sjuke og døyande	Prest og diakon
<u>Soknebod</u> (nattverd heime eller på pleie og omsorgssenteret)	Ved behov. <u>Målgruppe</u> : eldre, sjuke og døyande	Prest og diakon
<u>Formiddagstreff på Fåtunet</u> - institusjon	Ei samling i månaden, på dagtid, ca. 1 time. <u>Målgruppe</u> : unge, vaksne og eldre med funksjonsnedsetting	Diakon/stab i samarbeid med bebuarar og tilsette på Fåtunet.
<u>Utepraten</u> - i grupper og ein til ein- Teigen	<u>Målgruppe</u> : dei som vil/har behov for tur og prat. Onsdag 11.30-12.30 i Teigen, ei damegruppe.	Stab og frivillige.

Plan for diakoni – kyrkja i Finnøy

<u>Ute til lunsj- innbyggartorget</u>	<u>Målgruppe:</u> einsame og andre som treng nokon å prate med	Diakon og stab, torsdagar i lunsjtid, sporadisk.
<u>Møtestader for flyktningar og innvandrarar i lokalsamfunnet-internasjonale møteplassar.</u> Sommarfest Julefeiring Andre samankomster	<u>Målgruppe:</u> flyktningar og innvandrarar	Stab og frivilligsentralen og frivillige frå ulike land.
<u>Våketeneste</u> -samarbeid med Røde kors og Finnøy pleie- og omsorgssenter	Pleie- og omsorgssentret tar kontakt med Røde kors og deretter frivillige når det er behov. <u>Målgruppe:</u> døyande på institusjon	Frivillige som har deltatt på kurs i våketeneste står på lista.

Inkluderande fellesskap

Våre fellesskap i kyrkjelyden er opne og inkluderande.

Kyrkjelyden deltek aktivt med å styrkje fellesskap og nettverk generelt i lokalsamfunnet.

Tiltak	Tid	Ansvar
<u>Babysong</u>	8 samlingar kvart semester. Biblioteket. <u>Målgruppe:</u> foreldre og baby	Trusopplærar
<u>Gudstenester</u> med tilrettelegging for barn og familiar, kyrkjekaffi	6 kyrkjer i dei tre sokna, søndag formiddag. <u>Målgruppe:</u> sokna	Prestar i samarbeid med frivillige og stab. Soknerådet arrangerer kyrkjekaffi.
<u>Bønesamlingar</u>	Talgje og Hesby kyrkje, ein kveld i mnd. <u>Målgruppe:</u> vaksne på Finnøy og Talgje	Ressursgruppe av frivillige.

Plan for diakoni – kyrkja i Finnøy

<u>Formiddagstreff</u>	Ombo, Halsnøy og Sjernarøy. To gonger i semesteret. <u>Målgruppe</u> : vaksne og eldre som bur heime og nokre på institusjon som kjem frå den øya treffet er på.	Diakon og stab i samarbeid med helselag og frivillige på øyane. Brenda kontaktar bebuarar på pleie og omsorgssenteret og avtalar skyss til og frå.
<u>Kveldsgudsteneste</u> med tilrettelegging, kyrkjekaffi	To gudstenester i semesteret, Hesby og Talgje kl.18.00 <u>Målgruppe</u> : folk med nedsatt funksjonsevne og andre	Prest og diakon. Frivillige tilknytta Fåturnet.
<u>Temakveldar</u> Fogn	<u>Målgruppe</u> : vaksne	Ansvarskomite på Fogn
<u>Middag</u> på eldresenteret på Fogn	Måndag formiddag på Fogn. <u>Målgruppe</u> : eldre på Fogn.	Helselaget på Fogn. Kyrkja er medspelar, deltar ein gong i semesteret eller meir.
<u>Torsdagscafé</u> på Fogn	Open café i kyrkjekjellaren på Fogn, torsdagar 11-14. <u>Målgruppe</u> : Vaksne og eldre på Fogn	Kyrkja har ansvar. Frivillige i kyrkjelyden står for gjennomføring saman med dagleg leiar.
<u>Barnekor</u> - "Barneglede"	Kyrkja på Ombo, onsdag ettermiddag. <u>Målgruppe</u> : barn på Ombo	Frivillige på Ombo, kyrkja er medspelar og stab deltar to gonger i semesteret ved trusopplærar og diakon.
<u>Barnelag</u> - to ulike grupper	Sjernarøy ettermiddagar Målgruppe: barn på Sjernarøy	Frivillige på Sjernarøy. Kyrkja er medspelar og stab er med nokre gonger i året ved trusopplærar og diakon.
<u>Hobby og tru</u> - barnelag	Fogn kyrkjekjellar annakvar måndag ettermiddag. <u>Målgruppe</u> : barn på Fogn opp til 4.klasse	Dagleg leiar og evt. frivillige.

Plan for diakoni – kyrkja i Finnøy

<u>Open hall</u>	8 fredagar i semesteret, om lag annakvar fredag. Finnøy fleirbrukshall 20-23. <u>Målgruppe:</u> ungdomar frå heile kommunedelen 8.-10.kl.	Stab og ressursgruppe av frivillige 8.stk. Foreldre til elevar 8.-10.kl. som nyttar Open Hall, er medhjelparar, 5 kvar gong. Ein frå ress.gr. er ansvarleg. Stab ordnar med andaktshaldar og har overordna ansvar.
Prosjektkor i Hesby	Til jul og påske ved interesse	Organist i samarbeid med kyrkjekontoret
Barnearbeid og trusopplæringstiltak. Jubelgjengen(barnekor) på Finnøy. FFC (barn og ungdomskor) på Finnøy, heile kommunedelen. Speidar, heile kommunedelen, base på Finnøy og Talgje. Barnelag på Talgje. Ungdomslag på Talgje og Finnøy. Søndagsskule på Finnøy, Halsnøy	<u>Målgruppe:</u> barn opp til konfirmasjonsalder	Lag og frivillige. Trusopplærar ansvar for tiltaka i trusopplæringsplanen.
<u>Mini Alpha kurs</u>	<u>Målgruppe:</u> 10.klasse 2-4 onsdagar i februar/mars/april, ein time rett etter skulen.	Prestar og stab- evt. etter kvart frivillige.
<u>Pensjonistreff</u>	<u>Målgruppe:</u> eldre på Finnøy, fleirbrukshallen.	Ressursgruppe av frivillige. Prestar er med etter oppsett plan. Andakt/opplesing/tema og song/musikk, sosialt, mat.
<u>Språkcafé på Fogn</u>	Målgruppe: folk som vil lære norsk og som vil bli kjent med andre i lokalsamfunnet.	Fogn helselag, Finnøy frivilligsentral og kyrkja i Finnøy ved diakon.
<u>Temakveldar på innbyggertorget</u>	Målgruppe: lokalbefolkning	Samarbeid mellom Finnøy helselag, Finnøy frivillighet og kyrkja i Finnøy. Tema: sorg, rus, ungdom/psykisk helse, gaming, nødetatar, krigshistorie mm.

Plan for diakoni – kyrkja i Finnøy

Vern om skaparverket

Kyrkjelyden arbeider med den bibelske forståinga av Guds skaparverk, som menneske er ein del av.

Kyrkjelyden og den enkelte bidrar til ein livsstil som gjer oss til gode forvaltarar.

Tiltak	Tid og stad	Ansvar
Friluftsgudsteneste	Fogn, Hesby, Byre	Prest, dagleg leiar og frivillige
<u>Temakveldar</u>	Fogn	Ansvarskomite og stab
<u>Sortere søppel</u>	Fogn kyrkje, på arrangement	Ressurspersonar som brukar kyrkja.
<u>Ryddedagar</u> - delta på	Teigen Strandrydding Ryddeaksjonar	Frivillige
<u>Bruktmarked og klesbyttedag støtte opp om og delta på</u>	Finnøy Sjernarøy	Lag og organisasjonar og frivillige
<u>Formidling</u>	Gudstenester og arrangement i kyrkjene	Prestar og stab
<u>Utleige av dåpskjolar</u>	To dåpskjolar til gratis utleige	Stab
<u>Symaskin i kyrkja</u> Reperasjon av kler, brukt kan bli nytt.	Fogn kyrkjekjellar Torsdagar	Frivillige og kyrkja på Fogn.

Plan for diakoni – kyrkja i Finnøy

Kamp for rettferd

Kyrkjelyden engasjerer seg i arbeidet for rettferdig fordeling av ressursar i verda

Kyrkjelyden står opp for menneske som får menneskeverd krenka

Tiltak	Tid og stad	Ansvar
<u>Fasteaksjon</u>	Februar kvart år, alle øyane. <u>Målgruppe:</u> konfirmantane	Prestane, konfirmantane med hjelp av stab og sokneråda.
Kjøpe rettferdige varer	Heile året	Stab og dagleg leiar
Misjonsprosjekt	Hesby Talgje Sjernarøy	Sokneråda i samabeid med kyrkjelyd og stab.
Offer i kyrkjene	Etter oppsett årshjul	Dagleg leiar og sokneråda